

RUTINE FOR MELDE- OG OPPLYSNINGSPLIKT TIL BARNEVERNTENESTA

Telefonnummer Midt-Gudbrandsdal Barnvernteneste

Akutte hendingar måndag - fredag, 08.00 - 15.00: **453 75 998**

Barnevernsvakta er aktiv alle dagar frå 15.00 - 08.00, og heile døgnet i helger: **404 04 015**

1. Opplysningsplikt til barneverntenesta

Alle tilsette i Sør-Fron kommune har plikt til å gi opplysningar til barnevernet når det er grunn til å tru at:

- eit barn blir eller vil bli mishandla.
- eit barn blir utsett for alvorleg manglar ved den daglege omsorga.
- eit barn har ein livstruande eller anna alvorleg sjukdom eller skade og ikkje kjem til undersøking eller behandling.
- eit barn med nedsett funksjonsevne eller eit spesielt hjelpetrengande barn ikkje får dekkja sitt særlege behov for behandling eller opplæring.
- eit barn viser alvorleg åtferdsvanskar i form av alvorleg eller gjentatt kriminalitet, misbruk av rusmidlar eller anna form for utprega normlaus åtferd.
- eit barn blir eller vil bli utnytta til menneskehandel.

Offentlege tilsette har eit personleg ansvar for å melde, og meldeplikta går før teieplikta etter andre lover. Dette er hjemlet i barnevernlova §13-2, barnehagelova §46 og opplæringslova §24-3.

2. Utløyst meldeplikt


Plikta til å melde til barneverntenesta fell ikkje bort sjølv om barnehagen eller skulen prøver å hjelpe barnet, andre har same kunnskap eller bekymringsmeldingar er sendt på eit tidlegare tidspunkt.

Sjølv om barneverntenesta allereie har oppretta sak på barnet som gjeld andre eller tilsvarande forhold, skal likevel nye opplysningar bli meldt til barneverntenesta for å sikre at den har alle opplysningar i saken.

Når vilkåra for melde- og opplysningsplikt er oppfylt skal bekymringsmeldinga bli sendt over til barneverntenesta utan unødig opphald.

Opplysningsplikta inneber også plikt til å svare ved oppmoding om opplysningar frå barneverntenesta innan gitt tidsfrist.

Melder beskriv situasjonen til barnet ut frå sitt faglege ståstad og sin kjennskap til barnet og familien. Barneverntenesta vurderer alvorsgrad og handterer bekymringsmelding i tråd med bestemminga i barnevernlova.



3. Framgangsmåte

- Drøft bekymringa med næraste leiar som vurderer om andre tilsette skal bli involvert for å få fram supplerande informasjon.

NB! I saker kor leiar vurderer at meldeplikta ikkje er utløyst, kan den tilsette ta ei sjølvstendig vurdering og likevel velje å sende bekymringsmelding.

- Vurder i samarbeid med leiar og barneverntenesta om bekymringa er av slik art at den skal haldast attende frå foreldra. Dette gjeld ved mistanke om vald og seksuelle overgrep.
- Føresette blir kalla inn til samtale kor det blir informert om bakgrunn for utløyst meldeplikt, og kva konkret som gjer at ein er bekymra for barnet.
- Barnevernet ønskjer vi skal bruke deira digitale skjema for sikker og effektiv innmelding.

4. Der meldeplikta ikkje blir utløyst

I saker kor den offentlege tilsette er i tvil om bekymringa utløyser meldeplikt kan du ringe ein saksbehandlar i Midt-Gudbrandsdal Barnevernteneste for å drøfte saken anonymt. Her vil du kunne få ein barnevernfagleg vurdering om meldeplikta er utløyst, og veiledning før utforming av eventuell bekymringsmelding.

I saker kor meldeplikta ikkje blir vurdert som utløyst, men barnehagen/skulen ser at familien kan ha behov av hjelpetiltak etter barnevernlova §3-1 blir føresette kalla inn til møte. I samtale med føresette beskriv barnehagen/skulen bekymringa, og ber om samtykke til å melde bekymringa vidare til barneverntenesta. Det er viktig å dokumentere at møte med føresette er gjennomført og kva konklusjonen angående mogleg bekymringsmelding blei.

5. Gjere rutinen kjent

Korleis gjer vi det?

- Kommunsjef i oppvekst har årleg gjennomgang med tenesteleiar og sikrar at rutinen blir implementert i tenesteområdet.
- Rektor, styrar eller tenesteleiar for den enkelte eining går gjennom rutinen i eigen personalgruppe ein gang i året.
- Gjennomgang i samband med opplæring av nytilsette.

